



ÅRBOK FOR UNIVERSITETSMUSEET I BERGEN 2016



UNIVERSITAS
BERGENSIS

HAVET

Årbok For Universitetsmuseet i Bergen 2016

Knut Hamsuns venner i Bergen

Jan Olav Gatland

I samband med 150-årsjubileet for Knut Hamsun i 2009 slo Bergens Tidende fast at ingen i Bergen ville markere jubileet fordi Hamsun ikkje hadde noka tilknytning til byen. Men avisa nemnde ikkje dei fire månadene Hamsun budde i Øystese i Hardanger hausten 1879, halvannan times kjøring frå Bergen, og heller ingen av dei gode vennene han hadde i Bergen.

Etter skal her trekkje fram to av dei: Bolette Christine Pavels Larsen og Johan Mandius Køhler Olsen, gode venner som berre er nemnd i forbifarten i Hamsun-biografiane. Dei mange breva Hamsun skriv til dei, syner alle sider ved diktarens humør der han kan vere både trist og glad, sjølvvironisk og humoristisk.

Bolette C. Pavels Larsen

Bolette Christine Pavels Larsen er fødd i Sogndal i 1847, og døydde i Bergen i 1904 av hjartesykt, berre 57 år gammal. Bolette flytta til Bergen 17 år gammal saman med familien. På morssida var ho i slekt med forfatteren Margrethe Munthe og målarer Gerhard Munthe, som laga fleire Ex Libris til henne.

Bolette C. Pavels Larsen var litteraturkritikar i Bergens Tidende, truleg den første kvinnelege kritikaren som var fast tilsett i ei dagsavis. Ho var svært aktiv og kom ofte i kontakt med forfatarane ho melde. Bolette brevveksla mellom andre med August Strindberg, brørne Edvard og Georg Brandes, Arne og Hulda Garborg, Hans E. Kinck og Jens Tvedt forutan Knut Hamsun. I 1874 gifta ho seg med den to år eldre fullmektingen i Noregs Bank, Ole Johan Larsen. Han var ein ivrig samlar av autografar, brev og manuskript, og takka vere Bolette si omfattande korrespondanse laga han seg etter kvart ei stor samling. Larsen bad òg Hamsun skaf-

fe han signaturane til folk han møtte på reisene sine.

Bolette skreiv sjølv fleire historier og sette om litteratur frå andre nordiske språk. Ho skreiv bokmeldingar av kjende og ukjende forfatarar, norske og utanlandske. Ho skreiv både lange og grundige meldingar, og korte og overflatiske. Trass i at Bolette hadde inga formell utdanning ut over barneskulen, syner kritikkarne ho skreiv at ho var skulert innan verdslitteraturen.

At ho var omtykt som kritikar og synte god litterær forståing, viser følgjande brev frå Amalie Skram til redaktør Olav Lofthus i Bergens Tidende etter avis-meldinga av romanen hennar *Lucie* i 1888. Skram var sikker på at det var ein mann som skjulte seg bak signaturen P-ls, og måtte straks få vite kven det var:



Hvad er det dog for et storartet, brilliant menneske, som skriver om bøger i Deres avis? Det maa og skal De sige mig, for saa vil jeg straks gi mig til at elske vedkommende. En saa fin psykologisk forstaaelse og et saa enestaaende mod til at være sig sin mening of-fentlig bekjendt falder det ikke i hver mands lod at bli behandlet af. Hvem er det dog? Si mig det.

Og hvis De ikke gider skrive til mig, hvad De naturligvis ikke gjør, saa hils vedkommende 1000 millioner gange og tak ham som ingen endnu er bliven takket her i verden.

Bolette Pavels Larsen skreiv til Amalie Skram og håpa at ho ville elske henne like fullt når ho fekk vite at vedkommande kritikar tilhørde

hennar eige kjønn. Det var hennar minste kunst, svarte Amalie Skram. Bergens Tidende sin kritikar var òg opptatt av likestilling. I 1886 rådde Bolette norske kvinner til å lese svenske kvinnelege forfattarar ”fordi de skrivende svenske Damer er optagne af et Thema, der ogsaa hos os mere og mere begynder at vække til Alvor, nemlig Kvinde-spørgsmaalet. [...] det er nu meget faa oplyste svenske Damer, som ikke interesserer sig for Kvindebevægelsen.”

Larsen var kritikar i Bergens Tidende i bortimot 20 år, men aktiviteten minka noko etter hundreårsskiftet. Då var ho meir oppteken på andre område. Ho hadde forfatta-rambisjonar og arbeidde lenge med ei rad forteljingar på sognemål. Dei vart prenta både i serien Småstubb- bar på Mons Litlerés forlag og i Syn og Segn. 1897 fekk ho nokre av dei ut i bok med tittelen *Smaoe Skjeld- ringa*. Samtidig kom dei i ei større samling på riksmål, *Smaa Skild- ringer*, begge på Aschehoug forlag. Det tyder på at det var vanskeleg å få forleggjar til sognemålet, og neste samlinga, *Kløver og Klunger* (Aschehoug 1902), kom berre på riksmål.

Den eigne diktinga Bolette gjorde mest lukke med, var nok forteljingane på sognemål. Ho underheldt med opplesing av desse humoreskene i mange samanhengar, ikkje minst i lagsmiljø i Bergen og på marknadsdagar både i Bergen og i Kristiania. Ho var ein allsidig kulturarbeidar, sterkt engasjert i målrørsla og var med og sette liv i Vestmannalaget etter ein dvale tid-

■ Knut Hamsun, tidleg 1890-åra. Tilh. Spesialsamlingane, Universitetsbiblioteket i Bergen.



leg i 1880-åra.

Vennskap med Hamsun

I juni 1890 melde Bolette Hamsuns *Sult* anonymt og gav debutromanen svært god kritikk. Hamsun sende brev til sjefsredaktøren i Bergens Tidende, Olav Lofthus, 1.8.1890. Hamsun skreiv at denne boka berre var byrjinga, og at han skulle bli ein stor forfattar: ”Men jeg skal nok gøre Vej om Lidt! Jeg er fuld – pærefuld – av Stof og stærk som en Okse.” Hamsun får då vite kven som har skrive meldinga, og 12. august skriv han første brevet til Bolette. Han takkar henne for ei fin og vennleg melding:

De gjorde mig saa glad ved den, det var en Nydelse at føle sig i saa gode Hænder. Men at De i Bogens Jeg også saa det 'revolterende' Individ, der 'ikke kan føle éns' med alle, det rammer saa inderligt det rigtige, at jeg slog i Bordet, her jeg sad aldeles alene, og takked Dem i mit Hjærte.

Hamsun forklarar at han ikkje greier å skrive om vanlege folk, ”om Folovelser og Baller og Landture og Ulykkeshendelser” – og derfor kjem han aldri til å bli populær blant publikum.

I neste brev er han beskjeden igjen: ”Men De maa altsaa ikke vente stort af mig, jeg beder Dem virkelig, jeg har jo ingen Lyst til at skuffe Dem.” Så blir han nysgjerrig på hennar eigen person, kven ho er og namnet hennar, Bolette: ”Hvad er De forresten for et Menneske, som har saa underligt et Navn? Er De norsk? De maa jo være norsk, for ellers vilde De ikke kunde skrive saa inderligt.” Hamsun vil ha eit

bilete av ho:

Er De nu rigtig elskværdig, saa sender De mig altsaa det Billede. Jeg har aldri set magen, jeg har den Forestilling, at De har en sort Kjole med Perler paa. Og derfor kunde det være saa morsomt at faa se noget mer af Dem. For det er ikke det Spor hyggeligt at korrespondere med en sort Kjole. (10.9.1890)

Han blir derfor glad når han får eit portrett av Bolette: ”Tak endnu engang for Hovedet. Herregud, jeg maa vel faa snakke med Dem engang.” Det får Hamsun i februar året etter. BT-redaktør Lofthus har nemleg ordna med at Hamsun skal ha tre foredrag i Bergen, og Hamsun gler seg til å komme til Bergen og få treffe Bolette og mannen. Eit nytt brev blir avslutta med: ”Gud bevare Dem, jeg er saa glad iaften – for ingen Verdens Ting forresten, ikke det jeg ved af. Godnat!”

Bolette må ha vore litt avvisande eller kritisk i eit brev, for Hamsun skriv straks og seier at ho ikkje må dømme han slik etter det han skreiv sist, for då var han i så dårleg humør. Men i september 1890 vedgår han: ”Herregud, jeg er virkelig saa inderlig glad i Dem nu,...” Han håpar å bli betre kjend med henne og avsluttar brevet med følgjande ord:

Kære Dem, hvor De er snil! Jeg vil virkelig aldri glemme det, skal De se. Deres Breve er saa naturlige, og jeg fornemmer, hvor hvert Ord er følt. Vær nu saa snil at fortælle mig lidt mer om Dem, hvad Deres Mand gør, hvorfor De altsaa er i Bergen, siden De

er fra Sogn o.s.v. Saa blir det altsaa lidt mere Selskab i Hovedet da. Men De skal ikke gøre det paa staaende Fod, naturligvis, kære, jeg kan da vente til engang, det skulde falde saa. Saa faar det være nok for i dag, da. Deres inderlig hengivne Knut Hamsun.

Slik startar brevvekslinga, og den 12 år eldre Bolette tok like godt og inviterte Hamsun til å bu hos seg og mannen medan han var i Bergen på foredragsturné i februar 1891. Dermed byrja vennskapet.

Arne Garborg fekk vite om Bolettes korrespondanse med Hamsun og åtvara henne: ”Hamsun er en vakker mand, farlig for alle Kvinder, interessant og mærkværdig. Jeg har ellers kun talt med ham et Par Gange temmelig flygtig og tør ikke gi mig ud for at kjende ham noget nærmere. I Bergen kommer han til at gjøre stormende lykke.” Og det gjorde Hamsun med sine tre foredrag som han kalla: ”Norsk Literatur, Modeliteratur, Psykologisk Literatur”.

Etter foredraget i Bergen drog Hamsun til Haugesund, og skreiv til Larsen at der hadde det òg gått svært bra:

Kære Larsen, maa jeg takke Dem og fruén igjen for al Deres Hjælp-somhed og Elskværdighed. De faar bede mig om noget til Gjengæld, ellers er det ikke fair. – Jeg er trist idag, er nervøs, har Hjærteklap. – Nei, nu skal det Fan ta' mig være Slut med al Rangel! I Haugesund var jeg nemlig ikke rigtig fri.

Og eit par dagar seinare: ”Død og Pine, Larsen maa have 1000 Tak for

det morsomme Brev. Og Fruen maa have mindst 500 Ekstrahilsener. Indlagt nok et Kontrafei.”

Dei har tydelegvis diskutert noko, for i mai 1891: ”Herregud, vær dog lidt taalmodige: I faar nog Bergensbanen.” Bana var påbyrja alt tidleg i 1880-åra, men stod først heilt ferdig i 1909.

Hamsuns første vers

Sjølv om Hamsun skriv lyrisk prosa, og dei første romanane hans er fulle av poesi, skreiv han ikkje dikt før seinare. Ifølgje Hamsun sjølv er dette det første diktet han skriv. Diktet er eit originalt høvesdikt skrivi på eit kladdeark til Larsens 46-årsdag 31. august 1891

Til Autografsamler Larsen paa hans Fødselsdag 1891

*Ja, der fór mig en Djævel i Blodet,
og jeg følte den Helligaand,
men jeg tog mig Vand over Hodet,
da jeg tog mig en Lyre i Haand.*

*Nej: der fór mig en Djævel i Blodet,
og jeg tog min Blyant i Haand,
og saa vendte jeg Lyren paa Hodet,
og slog Vand paa den Helligaand.*

*Nei: der fór mig en Djævel i Blodet,
som sætter mig alting paatværs,
og Vandet er gaat mig til Hodet.
Og dette, det skal være Værs.*

*

*Jeg ønsker Dem endnu... De gætter
paa saa mange Børn? Eller Aar?
En herregaard? Eller De sætter
et visst Antal Naut eller Faar?*

*Nej, jeg ønsker Dem næsten et
Rige,*

*en Guldklump, en herlig Safir:
et nyt Manuskript, – det vil sige
et nyt... Hm... nyt Noksagtpapir.*

*Jeg ønsker Dem ikke tyve,
jeg ønsker Dem ét, ikke mer.
Jeg kan nok, men vil ikke lyve,
jeg under Dem ikke fler.*

Knut Hamsun

I eit hjørne nedst på sida freistar Hamsun å (bort)forklare det han har gjort, stadig i sin underfundige, sjølvironiske tone:

Kære Larsen.

*Jo, i Anledning af Anledningen
maatte jeg ved Gud gøre Værs,
– mine første! Men Papirmangel
og Sygdom og Elendighed og Sa-
tansmagt og Bespottelse gør, at
jeg maa sende det sli. Nu skal De
– ligeledes ved Gud – sige, at dette
er udmærket gjort, ellers digter
jeg aldri mer for Dem. Jeg er saa
smaat paa Fode efter en nyde-
lig Halsesyge. Hav det morsomt
i Overmorgen. Mange Hilsener,
men ikke et eneste ønske mer –
saavidt De ved det. Deres og Kær-
ringas Knut Hamsun*

I desember 1891 har Hamsun fått tilsendt ei novelle Bolette har skrivi på sognedialekt med tittelen ”Sognablo”, noko han må kommentere – med ei lita dialektprøve til slutt:

*Ja, det er en nydelig Kone De har,
Larsen. Hun har levet et ganske
sognablo'sk Ungdomsliv. Nu siver
det ud lidt efter lidt, pas paa, en
vakker Dag maa hun bede hele
Menigheden om Forladelse. Men
Skitsen er virkelig saa fin, saa
fin, og derfor skal De have Tak*

*engang til. At De kunde huske
den Solstrimen! Det er vakkert.
Men Sproget plaget mig alligevel
dygtigt – 'naar eg ska seja da, so'
sant e'.*

Hamsun som teiknar

Enkelte dagar hadde Hamsun problem med å skrivi, han kalla dei døde dagar. Dette problemet hadde han også medan han heldt på med romanen *Mysterier*. I staden sat han ofte og rabla med blyanten og teikna, eller rettare sagt: han teikna monogrammar, det vil seie eit meir eller mindre intrikat mønster der alle forbokstavane i namnet er fletta saman. Hamsun visste at Larsen også samla på monogram, og at det ville bli godt mottatt om han laga eitt til dei. Det gjorde Hamsun i februar 1892 av bokstavane til Bolette C. Pavels Larsen og skrivi:

En ”død” Aftens Arbejde. Det foregaar saaledes at jeg laver disse Kroger med tomt, tomt Hoved, stive Øjne og ”Sjælen” fuld af Pine. Jeg stirrer og stirrer paa Blyanten som gir Linjerne og jeg fører Haanden ganske efter Instinkt. I to – to Timer har jeg siddet over det, nu synes jeg, det er færdigt.



Men han synest tydeleg at bokstavane til Bolette (BCPL) er vanskelege, og fjorten dagar etter vedgår han:

Nei, Monogrammet var ikke bra, men det er ogsaa usædvanlig vanskelige Bogstaver, og desuden skulde det ikke være en Prøve paa, hvad jeg kunde gøre i Retning af Monogrammer, men bare et Eksempel paa, hvilke Dumheder en kunde finde paa i de døde Dage.

Stundom er Hamsun lei seg og/eller han kjende seg einsam. Då kunne han skrive til Bolette: ”Og fy Fan, man burde ikke skrive for Folk, man burde have det godt, indrette sig i en Skog, lægge sig til Hus, Hustru og Hund. Og give Verden på Snuden.” I september 1892 kom Hamsun ut med *Mysterier*, og i Bergens Tiden- de kalla Bolette boka ”en stor psykologisk roman” og ei einestående bok. Ho skreiv mellom anna at

Mysterier er skrevet med den samme Virtuositet, den samme personlige, ejendommeligt indsmigrende Stil, som vi kjender fra Sult. Det mest beundringsværdige er, at hin omtalte Blanding af Kraft og Finhed i Kunstnertemperamentet kommer saa mage- løst naturligt frem ved Ordenes særegnet farvede Klangpræg; der lægges aldri Tryk paa urette Sted, og Tonerne er aldri falske.

Bolette Pavels Larsen gjev romanen ein lang og rosande omtale. Ho er grundig og går verkeleg i detalj. Mest begeistra er ho for den erotiske delen. Hamsun blir nesten flau

og skuldar henne for å skrive var- mare enn det hjartet har sagt henne. Men Hamsun takkar for hennar gode ord og forståing. I sitt julebrev er han framleis takknemleg:

Forresten vilde jeg blot takke for Jærs trofaste Venskab hele Tiden og bede om, at I ikke tager det fra mig nu heller. Jeg kommer nok kanske til Vaaren engang til Bergen.... Glædelig Jul da, Venner! Gud give jeg kunde række Jær Næven, saa skulde I føle paa Tryk, istedetfor nu paa Prent, hvor glad jeg er i Jær.

Våren 1893 foreslår Bolette overfor Hamsun at dei skal vere dus. I juni skriv derfor Hamsun: ”Ja, Tak skal I have, det er gruelt fornøyet, at vi skal sige Du til hinanden. Ja, du Bolette, du finder paa saa mangt. Og saa fandt du det paa netop efter en Bog, der i almindeligt Om- dømme satte mig lavere end nogen- sinde.” (Boka var *Redaktør Lyng*.)

Hamsun om litteratur

Hamsun kommenter fleire gongar sine egne bøker, og det er svært inter- essant å lese korleis han sjølv karak- teriserer dei. Om romanen *Ny Jord* som òg kom i 1893, skriv han at den handlar om det unge Norge: ”Den er fuld af Symbolik, men jeg haaber, at den er saa lidet Ibsensk, at den kan forstaaes.”

I oktober 1893 er han i Paris og er ein dag så lei, så lei av alt: ”Aa, jeg er saa inderlig ked af alt. At jeg ikke blev Smed! – Vær ikke sinte paa mig, jeg beder om det. Er det et Sted i det Bergenske, hvor jeg kunde slaa mig ned med en snil Kærring og glemmes? Fan i Litteraturen.”

Som mange forfattarar som vil bane seg inn i litteraturen, kritiserer Hamsun alle dei tidlegare. Han fry- dar seg når han kan erte og provo- sere: ”... og det fryder mig at være hensynsløs saa Godtfolk maa aabne Munden og gabe lidt.” (udat. 1890) Under foredraga i Bergen 1891 had- de han kritisert og ”avvist” fleire store namn i litteraturen, mellom andre Shakespeare, Goethe, Schil- ler, Hugo og Ibsen. Ikkje berre blei han oppfatta som kjettersk, men òg som ein ukultivert person. Han be- klagar seg til Bolette, vedgår at han manglar utdanning, men likevel veit han jo så mange ting:

[---] jeg ikke har Kundskaper, saa har man jo ogsaa Ret i det, no- get Ret ialfald; jeg ved ikke saa rent lidet heller, men jeg mangler Samanheng i det jeg ved, for jeg er Autodidakt. Jeg kan forresten ikke gøre noget med det nu; men naar jeg blir gammel og ikke kan skrive mere eller smede mere, saa kan jeg altid tage den Artium, for saa har jeg formodentlig saapas mange Penge. Og der er nu vel ingen som tror, at jeg ikke kan tage den Artium, det er for tøvet. (12/11-1893)

Men ei bok blei Hamsun imponert over, skriv han i november 1893 frå Paris: ”Jeg har netop les Kincks *Huldren*. Den er svært, svært god. Men han maa forbedre sit Sprog? Er han Bergenser? Bonde?” I same brev går det fram at han har vore litt nedfor og har hatt det vanskeleg: ”Kære, gode venner, vær saa venlige ikke at glemme mig. Men jeg skal ikke sejjplage Dere mere, jeg er skamfuld. Nu er jeg bra i Hausen,

790A 186

- eller maatte) Vaage

Født 4 August 1860 i Løvd i Gudbrandsdalen
i Gardmostræet (Liden Gaard). Faderen fra ^{Vaage} Løvd, Moderen fra
Vaage Lom. Peder Pedersen og Thora Oldatter. Den mellem-
ste af 7 Søskende. I 62 reiste Forældrene til Hammerö
i Nordland, kjøbte Gaarden Hamsund. 5 Brødre og to Sø-
var i Nordland til 1873, rejste til Lom, ^{skrev meget Sludder, som ikke kom}
i Butikk i Hammerö i et Aar, rejste til Tromsø forat faa ni Plads
fik ingen. Hjem igen. Rejste til ^{Vesteraalen (husker ikke Aaret)}
Alesund, som konstitueret Lærer inde i en Fjord. ^{skrev meget Sludder, der gik i Bælt.} Neste
Aar Plads som Kontorist hos Lensmand, adjungeredes som saadan. Et
Aar i Stk. Rejste 79 til Harbanger, skrev meget Sludder, som ikke kom,
rejste til København med meget andet Sludder, som Hege ikke vilde tage, ^{skrev}
det var et meget bedre Sludder end alle mine tidligere Værker. Kom udarme
til Kristiania med Kanke Hundede Bøger og et Par Skjorte. Blev
i Kristiania i nogle Maaned, maatte forfra, gik til Vejdise
Kudg og bad om Beskæftigelse, fik Vejarbejde ved Gjövik. Var
der længe, Gud bevare mig, hvor længe, jeg tror et Par Aar.
Fik Hjælp til en Amerikabillet, drog til Amerika, arbejdede paa
Farm i nogle Maaned, i Butikk i et Par Aar, paa Prærien et
Aar, drof til Minneapolis til Janson et Aar, sigg, fik Hjælp
til Hjemreise forat dø, kom til Valders. Blev der i to Aar,
døde ikke, kom til Kristiania, skrev lidt for Aviser, svælt fælt, ^{blev}
fik atter Hjælp til Amerikabillet og maatte paa ny over til Ct. Prærie
Jeg kaldt Landet. Sporvognskonstruktør ni Maaned i Chicago, rejste
West, arbejdede paa Prærien et ni Aar, ernæret mig i Minneapolis ved
Foredrag a 10 Cents Billeder. Rejste hjemover ved ^{godt} gode Fælks Hjælp
rejste forbi Kristiania, var ikke engang iland der, men skjulte mig
ombord 1 1/2 Dag og fortsatte til København. Uden Peng, stamper mig
Regnfrakke, fik en Kuffet i St. Hansgate for ⁶ Kr. ^{Maaned} ^{er} jeg fik for
Regnfrakken. Blev hjulpen af Edward Brautes, skrev en Artikel for nogle ^{er}
- "Politikere", skrev ^{for} forst offentliggjorte Kap. af Bull (1888). Sax blev det bed

Hver
har
sig
glant
Rejsen
til
Sverige,
Maaned
i
Chicago
og
Prærien
og
St. Hansgate
og
Bull

jeg har ogsaa faaet ædt paa mig lidt Kød i Kinderne igen. Vær ikke sinte fordi jeg skriver saa ofte.”

I Desember frå Paris: ”Velsignede Folk, begge to, Tak for alt! Uden Dere havde jeg kanske gaaet hen og gjort noget Skidt, dengang jeg var saa udskreuet; jeg sad her og grær lange Dage, uden at have noget at græde for, jeg var aldeles overanstrengt.”

Hamsuns sjølvbiografi frå 1894

Ein haustkveld heime hos Bolette og mannen i Bergen 1894 bad ho Knut Hamsun om nokre biografiske opplysningar til ein artikkel ho ville skrive om han. Hamsun dikterte og ho skreiv. Etter å ha skrive fem linjer måtte ho ut på kjøkkenet for å snakke med tenestejenta om kveldsmaten. Då ho kom tilbake, var Hamsun i full gang med å skrive sin eigen sjølvbiografi med blyant. Hamsun har no fire romanar bak seg, deriblant *Sult* (1890) og *Mysterier* (1892). Han har nettopp lese korrektur på *Pan* og er alt blitt ein kjend forfattar. Men i denne sjølvbiografien ser Hamsun tilbake på livet sitt, og er tydeleg bitter, men òg humoristisk. Eit lite utdrag slår an tonen:

Rejste 79 til Hardanger, skrev noget Sludder, som ikke utkom, rejste til København med noget andet Sludder, som Hegel ikke vilde tage, skønt det var et meget bedre Sludder end alle mine tidligere Værker. Kom udarmet til Kristiania med kanske Hundrede Bøger og et Par Skjorter. Blev i Kristiania i nogle Maaneder, maatte derfra, gik til Vejdirektør Krag og bad om Beskæftigelse, fik Vej-

arbejde ved Gjøvik. Var der længe, Gud bevare mig, hvor længe, jeg tror et Par Aar. Fik Hjælp til en Amerikabillet, drog til Amerika, arbejdet paa Farm i nogle Maaneder, i Butik i et Par Aar, paa Prærien et Aar, derfra til Minneapolis til Janson et Aar, syg, fik Hjælp til Hjemrejse forat dø, kom til Valdres. Blev der i to Aar, døde ikke, kom til Kristiania, skrev lidt for Aviser, svalt følt iblandt.

Hamsun vil vere vittig og overdriv. Til dømes var han i Amerika 2 ½ år, ikkje 4 ½ som han skriv her.

Vinteren 1895 er Hamsun tilbake i Paris, *Sult* er nettopp komen ut på fransk med tittelen i bunden form, *La faim*, omsett av Edmond Bayle. Han får gode kritikkar og skriv heim til forlaget: ”Har De læst noget af, hvad man siger her om *La faim*? Jeg er en stor Mand i Paris, jeg slaar Ibsen tildøde. Begrav ham!”

Tænk om du kunde sende mig en Historiebog, Bolette. Det skulde være en med Historie i, ikke Romaner, for Guds skyld. Men en historisk Bog altsaa om fjærne Ting og Tider. Eller en Rejsebeskrivelse fra fjærne Lande – fra aldeles uopdagede lande næsten. Jeg har faaet mig et svært Kart her paa Væggen, og der staar jeg, naar jeg er stiv i Hovedet, og flytter Landegrændser og genoppretter Polen.

I juli 1895 etter å ha lese Bolettes melding av skodespelet hans *Ved Rigets Port*:

Men tænk, Bolette, jeg tror du maa ikke være saa snil mod mig,



selv om du synes, at jeg fortjener det; for det ærgrer for mange Bergensere og andre.

Helse og historier

I september 1895 budde Hamsun på Balberg Turisthotell ved Lillehammer for å bli bra etter ein lungeinfeksjon. I eit brev til Bolette er han bekymra for Ole Johan Larsen, som visst ikkje heller er helsemessig heilt bra. Hamsun meiner Larsen burde kunne få ein annan til å gjere arbeidet hans i banken nokre månader slik at han òg kunne reise til Balberg for å kvile ut. Opphaldet her ville vere noko heilt anna enn berre å vere på Vestlandet. Kvar sommar reiste nemleg ekteparet Larsen på ferie til Fjærland i Sogn:

Det er ikke det forbandede Spor bedre at dø en Dag, bare af Træsighed og Stivsindthed. [...]... jeg anbefaler den Smule Larsen, du har, Bolette, til at komme hid og bli med Kræfter igen. De Vosse- eller Sogneture, Dere tar, tror jeg ikke paa. Thi det er Forandring af Luft man skal have, ikke den Samme, paa en anden Maade.

I mars 1896 freistar Hamsun å skri-

ve bergensk: ”Ka gør Dokker for Tiden? Jeg har Bolette mistænkt for at skrive en Roman i al Stilhed. Jeg har virkelig Følelsen af, at hun sidder og gør et eller andet større noget i Dølgemaal. Og du Larsen skal have blevet et rent Svin til at drikke Drammer, sa en Drøm mig. (Dette er forresten sandt.)”

I november 1897 har han fått tilsendt Bolette Pavels Larsens bok med historier *Små Skildringer*: ”Herregud, jeg har ligget her om Kvældene og Nætterne og læst i den og nydt dens faa Prikker og færre Udraabstegn og dens 2tale Mangel paa Affektation og Spræl. Lykkelige Bolette, siger jeg, som har sin Ro.” Boka kom òg ut på dialekt: *Smaoe skjeldringa*.

I september 1898 skulle han ha hatt Bolette der og lest opp sitt nye romanmanuskript for henne. For han er blitt så usikker, og stoler ikkje lenger på seg sjølv. Den nye boka hans er den lyriske romanen *Victoria*. Når boka kjem ut seinare same hausten, blir Hamsun på nytt begeistra for bokmeldinga til Bolette i Bergens Tidende: ”Hvor Bolette maa have megen Lyrik i sig, – ikke slig Bergens Lyrik altsaa, men lyrisk Aand og Stil.” Så blir han nysgjerrig: ”Skriver du paa noget for Tiden?”

Bolette død

Det kom færre brev frå Hamsun etter at han gifta seg med Bergljot Bassøe i 1898, men i desember 1900 kan det verke som om ekteskapet ikkje er heilt utan problem. Tidle-gare har Hamsun synt at han stoler fullt og heilt på Bolette, og har vore open mot henne, til dømes i ulike krisar og intrigar og med folk han ikkje liker. Slik er det no òg, men

utan at han fortel noko om årsaka: ”Bær over med mig et Aars Tid endnu, saa kanske det retter paa sig. Det er ikke forat være merkelig eller begavet, dette; jeg har gennemgaaet en Krise i to Aar, i tre Aar. Men nu, synes jeg, begynder det at lette.”

I eit brev til Ole Johan Larsen i 1902 legg han til følgjande melding: ”Har Hemorrhoider og staar paa Knæ og skriver dette og skrigger af Smærte. – Med venlig Hilsen fra din hengivne Knut Hamsun.”

I desember 1904 får Hamsun telegram frå Ole Johan Larsen om at Bolette er død av hjertesvikt. Hamsun svarer sjokkert: ”Bolette død! har jeg gaat og sagt, hun som var saa sund og stærk og taalte Strabadser tilfjælds og tilfjords som ingen anden.” Hamsun kan ikkje trøyste enkemannen på annan måte enn å skrive at: ”den Rejse hun nu har gjort, har baade du og jeg tilbage. Hun gjorde den blot først. Og et Slag er en skøn og fin Død. Det var en Dødsmaade som passed til den greje og redelige Bolette som ikke for med Afslag og Sludder i livet.”

I 1907, tre år etter at Bolette døydde, fekk mannen sett opp ein bautastein i Fjærland der Bolette og han hadde vore nesten kvar sommar. Både Anders Hovden og Jens Tvedt skreiv dikt til avdukinga. Bolettasteinen vart seinare flytta og står no på skuleplassen i Fjærland.

Ekteparet Larsen fekk ingen barn. Då Ole Johan Larsen gjekk bort 83 år gammal i 1928, arva Bergens Museum heile den store samlinga etter han og Bolette. Hamsun skreiv meir enn 90 brev til Bolette og mannen, og dei fleste av desse er frå Larsens samling, i dag ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

Johan Mandius Køhler Olsen

Ein annan av Knut Hamsuns venner i Bergen var Johan Mandius Køhler Olsen (1869–1938), teatermann, reklamemann og seinare forlagsdirektør i John Griegs forlag. Han var født i 1869, og var altså ti år yngre enn Knut Hamsun. Faren var kjøpmann Johan Wilhelm Wiberg, men Mandius tok etternamnet Olsen etter ein fosterfar han var så glad i. Mora heitte Bolette Marie Köhler, og Johan Mandius Køhler Olsen tok såleis begge foreldra sine namn. Det gjorde ikkje dei to yngre brørne hans. Dei var kanskje finare på det, for dei tok farens sitt opprinnelige slektsnamn: Wiberg. Christian Koren Wiberg var kunstnar og museumsmann (m.a. oppretta han Bergen Kunsthåndverkskole og var direktør for Hanseatisk Museum), medan Stub Wiberg var skodespear, først i Bergen, seinare i Kristiania.

Johan M. Køhler Olsen, eller Køhler(en) som han blei kalla, var eit kjent og populært ansikt i bybiletet, forresten saman med brørne sine. Køhleren var ein svært sosial person og var tydeleg på dei rette plassane på dei rette tidspunkta. Det ser ein av omgangskrinsen hans som talde namn som Johan Ludwig Mowinckel, Christian Michelsen, Haakon Shetelig, August Wallendal, Harald Heide, David Knudsen og Edvard Munch. Valspråket hans var om lag slik: «Eg er ikkje rik, men eg har alltid pengar til å hjelpe vennene mine når dei treng det». Spørsmålet er om slike venner nokosinne trong hjelp frå han.

Køhleren var ugift og inntok måltida ved sitt faste bord på Hotel Norge midt i sentrum, alltid med-



gang i Vinter. (okt. 1904)

Fordrukken, forhoret, forelsket

Hamsun var framleis gift med Bergljot Bassøe då han i byrjinga av mai 1908 møtte Marie Andersen. Møtet gjorde eit voldsomt inntrykk på diktaren; han blei stormforelska: «Du kan sikkert se paa denne min Skønskrift at jeg netop er hjemvendt fra Byen, fordrukken, forhoret og – giv Agt! – forelsket. Fan søkke mig, jeg har aldrig været ude for værre!» Marie Andersen var skodespelar, men måtte seie opp jobben då ho året etter gifta seg med Hamsun. Ho var 22 år yngre enn han.

I eit brev frå Hamsun i 1909 framgår det at han og Køhleren hadde ein svært så gemyttleg omgangstone. Hamsun lurar på kor han skal sende nokre bøker: »Kære Køhler, din Satan som ikke satte Adresse! Nu sender jeg dette til Bergen i Norge...» Og etter at Bjørnson døydde i april 1910, kommenterte han i august: «Gamle Ven, hold Kjæften din, jeg har ikke Tid til at skrive Breve, – er det kanskje ikke mig som er blit 'Fører' efter Bjørnson?» Spøken om returporto går igjen i fleire brev, også her: «Jeg lægger ind 20 Øre for Frmk, din Kjæltring».

Dedikasjonar

I 1909 sender Hamsun ei pakke med sine egne bøker til Køhler og skriv nokre velvalde ord i alle. Dedikasjone er svært interessant lesing og gjev eit godt innblikk i Hamsuns tankar om eige forfattarskap så langt. Truleg skriv han dedikasjone kronologisk.

I gjennombrotsromanen *Sult* (1890) med sin særprega stil og

bringande sin eigen gammalost sidan hotellet ikkje hadde slik ost på menyen. Utan gammalost kunne ikkje Køhleren avslutte måltidet. Køhleren var ein original og eit festleg menneske. Arkitekt Ole Landmark sa det slik: »Hvis det er en himmel, får Køhleren orkesterplass i den.»

Køhler Olsen blei kjend med Knut Hamsun i februar 1891 då den unge forfattere var i byen på foredragsturné, kan hende nettopp gjennom Bolette Pavels Larsen som introduserte Hamsun i ulike miljø i Bergen.

Seinare var Hamsun fleire gonger i Bergen, mellom anna i 1898 og 1899 då Den Nationale Scene sette opp tre teaterstykker av han (*Ved Rigets Port*, *Livets Spil* og *Aftenrø-*

de). Nokre år seinare vil Køhler ha Hamsun til å halde sju nye foredrag ("Conferencer") i byen. Hamsun er interessert, men han vil gjerne vite vilkåra:

Betingelserne? Ja dem faar du selv bestemme. Men Død og Pine, giv mig en Masse Penger for det, er du snil, for jeg vil købe mig nogle Meter Skog her og bygge Hytte paa. Og den skal være mit Paulun paa Jorderige. Hvad mener du om 1000 Kroner Kvelden? For saa kunde det bli saapas at jeg lige saa godt købte Slotsparken med det samme. Jeg har alltid tænkt mig at jeg kunde bo menneskeligt der. Naa, alvorlig talt, kommer det istand skal vi vel bli enige om Lønna. Du faar rope til mig en-

dristige sjelegransking, skriv han berre: «Til Köhler – uden et Ord! Din Knut Hamsun». Meir kryptisk er han i *Mysterier* (1892): «Der blaser en Vind i denne Bog», er alt han har å seie om romanen med den sjarmerande sjarlatanen Nagel. I 1893 kom det to romanar. I *Redaktør Lynge* noterer han: «Dette arbejde er fra de Dage da jeg mente mig kaldet til at trykte andre». Her var det pressefolk han ville ha has på. Og i *Ny Jord* der han kritiserer forfattarar og kunstnarar, skriv han: «Jeg mener nu som før at dette er min beste Bog. Men nu gjør jeg en som blir bedre! – Det mener man alltid».

Om den musikalske og sugererande stemninga i nordlandsromanen *Pan* (1894) får vi overraskande vite: «Denne Bog er tilblit under megen Vin i Gundersens Kælder i Kristiansand og skrevet i Ville d'Avray under forgjæves Karpefiskning.» I *Sværmerie* (1904) slår Hamsun derimot fast: «Dette er en Bog med en Præstefrue som mangler – mig». Medan sin første vandrarroman, *Under Høststjernen* (1906), kommenterer han på følgjande måte: «Og kære Köhler, dette er en Bog om en Præstefrue som ikke har manglet mig. Er du saa tilfreds?»

Dei siste bøkene Hamsun sender i pakka, er to bind *Fortællinger* og *Skildringer*, som kom 1908–1909. På det første bindet kjem han med ei anbefaling: «Jeg anbefaler dig at læse den lille Historie «Vagabonds Dage» i dette Bindet. Den er god.» Det andre bindet får følgjande vurdering: «*Fortællinger* og *Skildringer*, ja. Aaja alt er vel ikke videre godt. Men noget er godt, Köhler. Din Knut Hamsun. 4 Juli 1909. Kristiania.»

Bøkene med desse unike dedikasjonane gav Köhler vidare i 1925 i fødselsdagsgåve til sin eitt år yngre venn, Johan Ludwig Mowinckel, skipsreiar og statsminister, og skreiv nederst på sida, under den sistnemnde dedikasjonen: «Til min gode gamle ven Johan Ludwig. Bergen, 55 aarsdagen, 22 Oktbr. 25. Köhler». Etter Mowinckels død i 1943 kom bøkene til Bergens Museums Bibliotek, i dag Universitetsbiblioteket.

Tiggjar bøker

Broren til Köhler, Christian Koren Wiberg, skreiv fleire bøker om Bergen som Hamsun hadde god lyst på. I 1912 nøler han derfor ikkje med å skrive: «Er det ikke din Bror som har utgit Boken om By og Brygge eller lignende Titel? Vi faar vist snart begynde at bytte noget du og jeg igjen nu, og da vil jeg tuske til mig den Bok av din Bror. Svinagtig morsomt at læse slikt historisk.» Tittelen på boka var: *By og Brygge. Billeder fra Bergen* (Aschehoug). I tillegg etterlyser han gamle årgangar av Bergen Museums tidsskrift *Naturen*. Han avsluttar med: «Min Hilsen til dig, min runde og gode Ven.»

Hamsun var òg svært interessert i tidsskriftet *Kunst og Kultur* som byrja å komme ut i 1910, og Scenen, eit teaterblad som byrja i 1912 og eksisterte i eit par år. Begge blei utgitt på John Griegs forlag i Bergen.

I 1921 får Hamsun tilsendt det flotte verket *Bergensk kulturhistorie*, skrive av Köhlers bror og utgitt på John Griegs forlag. Diktarvennen er storleg imponert: «Tak og Pris for din Brors Pragtverk. Jeg svælget 2 ganger i Træk da jeg aap-

net det. Ja dere Bergensere kan! Jeg tror ikke et slikt Verk kunde utkomme i Kristiania nu da Jobbetiden er omme.»

I det same brevet spør han om ikkje Köhler med sin «velsignede Skikkelse» kan komme innom «Nørholmen» ein dag eller ei veke når han likevel skal ut å reise, aleine eller saman med andre. På Nørholm har Hamsun fleire ledige soverom, og nokre av gjestane kan til og med få forfattarens eige rom, «for jeg kan ogsaa ligge i en Seng jeg har hos Bøkerne». Men Köhler må gje beskjed litt i førevegen «saa den fete Kalv kan være slagtet. [...] Pokker saa fornøielig om du kom. Og om du hadde med nogen likesindede.» Som døme nemner han forfattaren Hjalmar Christensen og komponisten Sverre Jordan.

I eit brev frå Hamarøy i verste mørketida ergrar han seg på nytt spøkefullt over at Köhler ikkje legg ved nok frimerker til svar. Likevel er han i godt humør for no snur sola: «det er Solhverv i Overmorgen, saa begynder de lyse Muligheter igjen. Ho, jeg har vist alt faat Vaaren i mig, jeg bruker min Quind som en galte, Fan steike mig, og æter langt bedre end paa længe.» (des. 1912)

Inkognito i Bergen

Då Hamsun kom til Bergen i februar 1925, ville han bu på Hotel Norge, men rommet var lite og dårleg og altfor dyrt, skriv han til kona Marie: «Saa sa jeg til Köhler at det var ikke mig som var Rothschild.» Etersom Köhler kjende hotelldirektøren, fekk han straks fiksa eit betre rom til ein pris Hamsun kunne godta, inkludert mat. «Og jeg fik et rigtig utmerket Værelse hvor jeg

nu bor. Jeg har Nr. 45, og jeg gaar under Navn av Dr. Hansen, som Køhler tok og gav op. Det er for at undgaa Bladhajerne.»

Ifølgje Marie Hamsun i erindringsboka *Regnbuen* blei Dr. Hansen snart avslørt på si vandring rundt i byen. Hamsun likte også godt «å sitte og prate med tykke, originale Køhler Olsen i ungkarleiligheten hans», i tredje etasje i Vaskerelven 8 over John Griegs boktrykkeri. Under opphaldet i Bergen saknar Hamsun Marie og tryglar henne om å kome: ”Jeg vrider jo Hænderne efter dig.” Han lokkar henne med freistande tilbod:

(H)er er uhyre flotte Butikker. [--] Jeg er kommet over to Kandelabrer her med en Engel med Vinger som holder 5 Lys, [--] men jeg synes ikke rigtig om dem, jeg vilde gjerne du skulde se dem. De koster fælt, men Guldsmed [Marius] Hammer sa han vilde sælge dem for det halve. Samme Sted to Vaser paa Stenfot, oventil forgyldt Bronze, baade Kandelabrene og Vaserne Empire naturligvis. Samme Sted 3 gode Kobberstik i gamle Gulddrammer ...

Marie kom til Bergen, og etter eit par vekers hyggjeleg opphald tok dei båten heimatt med dei to lysestakane og anna i bagasjen.

Influenza + 70-årsfeiring

I 1929 har truleg Køhler sagt noko om pengar, og Hamsun svarer i september: «Kjære Køhler, du er en Tøvpotte, men du kan få dem igjen naar du vil...». I tilfelle Køhler synest han verkar sur, skriv han: ”Grættten, sier du. Ja du vilde vil vel

ha været søt og smektende om du nu hadde hat Influenza fra Februar og endda været svækket baade i Kroppen og Hjernen? Dertil kommer den siste Maanedes Sjau med en viss Fødselsdag.” Hamsun fylte 70 den 4. august 1929. Han synest det er kjekt å bli hugsa på, men svært stressande og dyrt å takke for all merksemda:

Marie og jeg har sitted i 3 Uker og takket og priset og æret dig og de andre 658 som telegraferte og skrev Brever. Vi har slitt som Træller, korresponderet med hele Europa, med Amerika, ja endog med Sydafrika, med Indien, det har kostet mig 250 kroner i Fri-merker. Du vilde ikke været gretten, du vilde følt dig skuffet over at du ikke ogsaa fik Idiotier fra Australien. Jeg fraraader alle at bli 70 Aar. I fjor var jeg 69, men iaar er jeg 100.

Til slutt kjem han tilbake til pengane: ”Du kan faa dem igjen, hvis du vil, til du faar Raad til det. So long, din Knut Hamsun.”

Meir sjukdom

I august 1932 er Hamsun oppgitt over Køhler som trur han er frisk nok og menneske nok til å reise til Bergen.

Jeg ligger her og prøver at komme mig efter en Operation for 2 Aar siden – forresten samme Operation som du maa gaa til naar ogsaa du blir 100 Aar. Sykdommen heter prostata hypertrofi. Jeg hører jeg skal bli bra igjen efter Operationen om nye 2 Aar. Og da kommer jeg til Bergen, sure!

Hamsun er 73, men liker ikkje å bli gammal og gjev sterkt uttrykk for det. I det same brevet skriv han nokre beundrande ord om ei flott dame han har møtt, men at han er altfor gammal til slikt: «Gid Fan hadde Alderdommen!» utbryt han, og legg til: «Men hun skal være min Hurie i Paradis».

Dei fleste breva frå Køhler til Hamsun er truleg gått tapt, men dette brevet frå august 1934 gjev eit visst inntrykk av måten Køhler formulerer seg på: ”Knut – ja nu er det længe siden jeg har hørt noe fra Dig. Men Du får ikke undgaa at jeg sier: Skaal paa Dig! Og Du undgaar heller ikke en liten tryksak. Salem Køhler.” Og heilt til slutt legg han til: ”Min Reverenz til Madame!”

Kjelder

Bankfullmektig O.J. Larsens samlingar, Ms 790, ved manuskript- og librarsamlinga, Universitetsbiblioteket i Bergen.

Hamsun, Knut. 1994–2000. *Knut Hamsuns brev*. 6 bind. Red. Harald S. Næss, Oslo: Gyldendal.

Hamsun, Marie. 1953. *Regnbuen*. Oslo: Aschehoug.

Larsen, Bolette Christine Pavels. 1997: *Artiklar, kritikk, forteljingar og brev*. Red. Idar Stegane. Bergen: Eide.

Lauhn, Liv K. 1969. ”Johan Mandius Køhler Olsen” i G.H. Hartvedt (red.): *Tidige typer. Femten fargerike Bergensprofiler*. Oslo: Cappelen.

Takk til Spesialsamlingane ved UB for hjelp med illustrasjonane.